

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Deres ref.:
Vår ref.: 11497374

Dato: 23.01.2015

Svar høyring Boge 3, Vaksdal

Visar til brev frå NVE 15.januar 2015 som omhandlar søknadar om løyve til å byggje Boge 3 i Vaksdal kommune. BKK Nett er utgreiingsansvarleg for det regionale kraftsystemet i «BKK-området og Indre Hardanger» og er i tillegg netteigar av regional- og sentralnettet i denne regionen. BKK Nett er òg eigar av store delar av distribusjonsnettet i denne regionen.

Boge kraft søker om eit småkraftverk med installert effekt på 560 kW og ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 3,67 GWh. For å kunne gje nettilknytning til dei planlagde kraftverka i dette området er det nødvendig å bygge ut nettet. Nødvendige tiltak i regional- og sentralnettet er presentert i Kraftsystemutgreiinga (hovudsakeleg i tabell 5.1 og 6.5), som ligg på www.bkk.no/kraftsystem.

BKK Nett er òg i gang med ein analyse for å kartlegge nødvendige tiltak i distribusjonsnettet for å etablere nettkapasitet til alle kjente kraftverk i vårt område. Analysen er forventa ferdigstilt i løpet av februar. Me har fortløpande kontakt med kraftverksutbyggjarar om resultat i denne analysen. Boge 3 kraftverk inngår i denne analysen.

Venleg helsing

BKK NETT AS

Øystein Randal Berge
Seksjonssjef

Ruth Helene Kyte
Rådgjevar